

Innkalling til ordinært representantskapsmøte

Det vert med dette innkalla til ordinært representantskapsmøte 28. april 2015. Møtet vert helde i IKA Hordaland sine lokale i Kalfarveien 82. Innkalling med sakspapir vert sendt ut i løpet av veke 13.

Vi vil i år ha eit kort fagleg program som startar klokka 10.00 og varer fram til lunsj klokka 12.00. Sjølve representantskapsmøte startar klokka 13.00.

Vi torer minne om at vi i fjor måtte innkalle til ekstraordinært møte, då vi ikkje var vedtaksdyktige, grunna for få deltakarar. Grunna at mange har lang reiseveg og ikkje ynskjer reise to gonger, er det viktig for oss om at du gjev tilbakemelding på om du stiller på møte. Om du ikkje kan stille, er du pliktig å sjølv innkalle vara. Svarfrist er satt til 15. april. Ta kontakt på post@ikah.no om du har spørsmål eller noko er uklårt.

Tilbakemelding skal gis ved å svare på skjema.

Program for dagen 28. april 2015

Velkommen v/ dagleg leiar	kl. 10.00-10.15
Årsrapport for arbeidsåret 2014 – orientering v/ dagleg leiar	kl. 10.15-10.45
Pause (omvising i dei nye depotlokala for dei som ynskjer)	kl. 10.45-11.05
Kommunereform og konsekvensar for arkiva v/ dagleg leiar	kl.11.05-12.00
Lunsj (omvising i dei nye depotlokala for dei som ynskjer)	kl. 12.00-13.00
Representantskapsmøte	kl. 13.00-15.00

**Sakspapir til ordinært
representantskapsmøte for
Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS**

**Bergen Byarkiv
Tysdag 28. april 2015**

Sak 01.15 Oppteljing av representantskapsmedlemmer

Bakgrunn for saka:

I følgje selskapsavtalen, skal det gjerast opprop og oppteljing av representantskapsmedlemmene. Representantskapet er vedtaksfør dersom 16 eller fleire av eigarane er til stades, samt 67 % av eigardelane er representert.

Saksutgreiing:

Saka vert lagt fram av møteleiar.

Representantskapet si saksbehandling

Sak 02.15. Val av møteleiar, referent og protokollør

Bakgrunn for saka:

Jf. Selskapsavtalen § 9 Representantskapsmøte, skal det veljast møteleiar og referent samt to medlemmer til å underskrive protokoll.

Jf. Selskapsavtalen § 9, 13. setning skal representantskapsmøta leiast av representantskapsleiar eller nestleiar når leiar ikkje er til stades. Om begge er fråverande, skal det veljast ein møteleiar. Møteleiar er ansvarleg for at det vert ført protokoll frå møta. Protokollen skal underskivast av møteleiar og to representantskapsmedlemmer som vert valde ved møtestart.

Saksutgreiing:

Saka vert lagt fram av møteleiar i møtet.

Styret sitt forslag til vedtak:

Møteleiar: Lars Barstad
Referent: Rune Lothe

Til å underskrive protokoll:

Jørgen Kausland
Eva Storetveit Lien

Sak 03.15 Godkjenning av innkalling og saksliste

Bakgrunn for saka:

Jf. selskapsavtalen § 9 skal leiar i Representantskapet kalle inn til representantskapsmøte med 4 vekers varsel. Innkallinga skal vere skriftleg og innehalde saksliste. Deltakarkommunane skal ha varsel om representantskapsmøte med same frist. Ordinært representantskapsmøte skal gjennomførast innan utgangen av april månad.

Saksliste:

Sak 01.15 Oppteljing av representantskapsmedlemmer

Sak 02.15 Godkjenning av innkalling og saksliste

Sak 03.15 Val av møteleiar og referent samt to medlemmer til å underskrive protokoll

Sak 04.15 Endring av budsjettrammer for 2015

Sak 05.15 Endringar i eigardelane

Sak 06.15 Årsmelding for 2014

Sak 07.15 Rekneskap for 2014

Sak 08.15 Handlingsplan overordna mål for drifta 2016-2019

Sak 09.15 Økonomiplan for 2016-2019 – Budsjettrammer for 2016

Sak 10.15 Val til styret

Sak 11.15 Val til valnemnd

Sak 12.15 Styrehonorar

Styret sitt forslag til vedtak:

Representantskapet godkjenner innkalling og saksliste.

Representantskapet sitt vedtak:

Sak 04.15 Endring av budsjetttrammer 2015

Bakgrunn for saka:

Jf. lov om interkommunale selskap § 20 skal Representantskapet ein gong pr. år vedta selskapet sin økonomiplan. Denne skal leggest til grunn ved selskapet sitt budsjettarbeid og anna planarbeid. Økonomiplanen skal omfatte dei fire neste budsjettåra og gje ein realistisk oversikt over sannsynlige inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver.

Saksframstilling:

Det har frå tida då budsjettet for 2015 vart vedteke i april 2014 skjedd vesentlege endringar i føresetnadene for budsjetttrammene. Dette skuldast mellom anna at vi har fått endringar i forhold til kor mykje depotplass som er tinga. Vi har av den grunn og justert leigeavtalen med Bergen Byarkiv. Dette gjer at vi får endring i utgifter og inntekter jamfør tidligare. Vi får og ei endring i framstillinga av budsjettet grunna overgang frå rekneskap i KOSTRA til Norsk Standard Kontoplan.

I følge IKS-lova, skal Representantskapet orienterast med tanke på at endra budsjetttrammer for 2015 må vedtakast. Vedtaket gjev ingen økonomiske konsekvensar for 2015.

Budsjett 2015

Utgifter	Vedteke budsjett	Justert budsjett
Sosiale utgifter og lønn	4 500 000,00	4 500 000,00
Driftsutgifter	4 000 000,00	3 295 000,00
Avsetnader		
Sum, utgifter	8 500 000,00	7 795 000,00
Inntekter		
Eigartilskot frå kommunane	3 105 000,00	3 105 000,00
Depotinntekter	3 920 000,00	3 880 000,00
Andre inntekter	650 000,00	225 000,00
Bruk av eigenkapital	825 000,00	585 000,00
Sum, inntekter	8 500 000,00	7 795 000,00

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet ved IKAH vedtek budsjetttrammene for 2015 med dei føresetningar som ligg føre. Styret får fullmakt til å fordele rammene på dei enkelte budsjettpostane.

Representantskapet sitt vedtak:

Sak 05.15 Endringar i eigardelane

Bakgrunn for saka:

I følgje selskapsavtalen § 5 *Innskotsplikt og eigardel*, skal eigardelen justerast kvart fjerde år som eit resultat av samla betalt innskot, samt ved inn og utmelding. Kommunane betaler eit årleg tilskot etter fordelingsnøkkel vedteke på representantskapsmøte i 2002 gjort gjeldande frå 1.1.2003.

Saksframstilling:

Om vi tek omsyn til tilskota vedteke av representantskapet er fordelingsnøkkelen som er gjeldande pr. 01.05.2014 som følgjer:

Kommunar med under 3.000 innbyggjarar betaler	kr. 61 297,24
kommunar med 3.001 – 5.000 innbyggjarar betaler	kr. 88 540,45
kommunar med 5.001 – 10.000 innbyggjarar betaler	kr. 115 783,67
kommunar med over 10.001 innbyggjarar betaler	kr. 143 026,88

Som det går fram av vedlegget har det i perioden 2010-2014 vore endringar i folketalet som og fører til endring i storleiken på tilskotet. I tråd med selskapsavtalen skal eigardelen for den einskilde kommune dermed justerast, jamfør gjeldande fordelingsnøkkel. Endring i eigarbrøken skal vedtakast av kommunestyra i den einskilde kommunen.

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet vedtek justeringa i eigardelane og gjer dei gjeldande frå 01.01.2016 med atterhald om godkjenning i kommunestyra.

Askøy kommune	4,49	Jondal kommune	1,92	Samnanger kommune	1,92
Austevoll kommune	2,78	Kvam kommune	3,63	Stord kommune	4,49
Austrheim kommune	1,92	Kvinnherad kommune	4,49	Sund kommune	3,63
Bømlo kommune	4,49	Lindås kommune	4,49	Sveio kommune	3,63
Eidfjord kommune	1,92	Masfjorden kommune	1,92	Tysnes kommune	1,92
Etne kommune	2,78	Meland kommune	3,63	Ullensvang herad	2,78
Fedje kommune	1,92	Modalen kommune	1,92	Ulvik herad	1,92
Fitjar kommune	2,78	Odda kommune	3,63	Vaksdal kommune	2,78
Fjell kommune	4,49	Os kommune	4,49	Voss kommune	4,49
Fusa kommune	2,78	Osterøy kommune	3,63	Øygarden kommune	2,78
Granvin herad	1,92	Radøy kommune	3,63	Sum:	100 %

Vedlegg: Justering av kommunane sine eigardelar

Sak 06.15 Årsmelding for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS 2014

Bakgrunn for saka:

Årsmelding for IKAH skal jf. § 27 i IKS-lova leggjast fram for styret samt underteiknast før det vert sendt revisor og endelig fastsett av Representantskapet på representantskapsmøte.

Sakshandsaming:

Vedlagt ligg årsmelding for IKAH for 2014. Årsmeldinga vert lest opp i møtet.

Styret sitt forslag til vedtak:

Representantskapet godkjenner årsmeldinga for 2014.

Representantskapet sitt vedtak:

Vedlegg: Årsmelding for 2014 vert lagt fram i møtet

Sak 07.15. Rekneskap for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS 2014

Bakgrunn for saka:

Rekneskap for IKAH skal jf. § 27 i IKS-lova leggest fram for styret samt underteiknast før det vert sendt revisor og endelig fastsett av Representantskapet på representantskapsmøtet.

Sakshandsaming:

Vedlagt ligg rekneskap for IKAH for 2014 m/noter. Rekneskapen for 2014 syner eit brutto driftsresultat på 28 902,-.

Ser vi på driftsutgiftene åleine, er desse om lag 6000,- mindre enn budsjettert. Når det gjeld inntektene er desse på over 800 000,- meir enn budsjettert. Over 600 000,- av dette skriv seg frå refusjonar for sjukelønn, moms mv. Vidare fekk vi auka salsinntekter på nær 200 000,- som eit resultat at kommunane kjøpte meir depotplass samt at fleire deltok på kurs.

Ser vi på finansinntektene fekk vi om lag 40 000,- meir i renter enn det vi hadde budsjettert for. Dette gjer at vi sit att med eit overskot på totalt 876 917, 11,-

Styret minner om at vi i 2014 budsjetterte med underskot og at vi har brukt 767 000,- av eigenkapitalen til å dekke opp dette. Dette gjer at sjølv om vi resultatmessig får eit stort overskot, har vi berre styrka eigenkapitalen med 109 917,11,-

Overskotet vert utan at anna vert bestemt ført over til disposisjonsfond.

Styret si innstilling:

Representantskapet godkjenner rekneskapen for 2014.

Representantskapet sitt vedtak:

Vedlegg: Rekneskap. Revisjonsmelding vert lagt fram i møtet.

Sak 08.14 Handlingsplan for IKAH 2016-2019

Bakgrunn for saka:

Selskapet legg kvart år fram overordna mål og retningslinjer, kalla handlingsplan. Denne gjeld for 4 år av gongen, men vert rullert kvart år. Handlingsplanen vert vedteken av styre samt lagt fram som eiga sak på representantskapsmøtet for godkjenning.

Saksframstilling:

Selskapet sitt formål:

Selskapsavtalen fastslår at IKAH sitt formål er å arbeide for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, Jf. lov om arkiv § 6.

Handlingsplanen er utarbeidd etter målsetningane i strategiplanen 2013-2016:

Strategiområde 1 – Arkivdepot og formidling

Vi har pr. i dag 31 eigarkommunar som har inngått depotavtale med IKAH. Handlingsplanen legg opp til følgjande resultatmål for den kommande planperioden.

Tiltak:	2016	2017	2018	2019
Gjennomføre ekspedisjonar frå arkivdepot.	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår
Gjennomføre mottak og deponering av personregister.	Evaluering av siste avlevering			Oppstart ny avlevering
Gjennomføre mottak av etterslep av eldre arkiv frå 1965-1985.		Oppstart	Pågår	Pågår
Gjennomføre prosjekt kring mottak av eldre arkiv før 1965	Oppstart	Ferdig		
Utarbeide prosjekt for utviding av depotkapasitet	Forprosjekt	Pågår	Ferdig	
Gjennomføre formidlingstiltak jamfør formidlingsplan/strategi.	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår
Opprette depotstyring i ASTA og registrere bestand	Oppstart	Pågår	Pågår	Pågår

Strategiområde 2 – Digitalt sikringsdepot

Vi har i dag 28 kommunar som har avtale om depot for elektronisk arkivmateriale med IKAH. Handlingsplanen legg opp til følgjande:

Tiltak:	2016	2017	2018	2019
Kartlegging elektroniske arkiv	Evaluering			
Deponering av datasett i følge avleveringsplan.	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår
Vedlikehald og ekspedering av elektronisk arkiv i depot	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår
Etablering av digitalt sikringsmagasin.	Ferdig	Evaluering		
Utarbeide plan for etablering av elektronisk innsyn	Ferdig	Evaluering		
Utvikle nye prosedyrar for deponering/avlevering av elektroniske arkiv	Evaluering			
Testing av mottak av elektronisk arkiv	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår

Strategiområde 3 – Opplæring og rådgjeving

Tenesta omfattar arkivfagleg rådgjeving, samt seminar og kursverksemd knytt til arkivfaglege emne.

Tiltak:	2016	2017	2018	2019
Besøke eigarkommunane	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår
Gjennomføre regionale arkivleiar- samlingar	Pågår		Pågår	
Gjennomføre ein årleg arkivfagleg konferanse	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår
Gjennomføre to årlege felles kurs / eller enkelt kurs i kommunane.	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår
Arrangere to arkivplanworkshop		Pågår		Pågår

Strategiområde 4 – Ordning av papirarkiv

Tenesta omfattar ordningsprosjektet for eldre arkiv 1965-1985¹. Handlingsplanen legg opp til følgjande:

Tiltak:	2016	2017	2018	2019
Tilleggskatalog, eldre administrative arkiv frå 1837 fram til 1965		Oppstart	Pågår	Pågår
Ordne og katalogisere eldre administrative arkiv frå 1965 fram mot 1985 ²	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår
Ordningsoppdrag. Utarbeiding av avtale	Ferdig			

Strategiområde 5 – Nyskaping

Suksessrike verksemder er ofte kjenneteikna ved ei eiga evne til å omstille seg i takt med forventingane i omgjevnadane. Vi vil arbeide for ein plan om tilbakelevering av digitalisert dokumentasjon til eigarane på ein trygg og kostnadsparande måte.

Tiltak:	2016	2017	2018	2019
Plan for digital samhandling	Utreiing	Pågår	Evaluering	
Sjå på nye tenester innanfor depot og formidling.	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår

Strategiområde 6 – Medarbeidarar

Vi har 6 stillingar. Godt kvalifiserte og motiverte medarbeidarar er ein viktig ressurs for selskapet og eigarane. Handlingsplanen legg opp til følgjande tiltak:

Tiltak:	2016	2017	2018	2019
Utarbeiding opplæringsplan	Ferdig	Evaluering		
Gjennomføring trivselstiltak	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår
HMS-kartlegging - plan	Ferdig			

¹ Nokre arkivserier strekker seg ut over denne tidsperioden.

² Nokre arkivserier strekker seg ut over denne tidsperioden.

Strategiområde 7 – Organisasjon

Sørvis, kunnskapsrik, trygg og framtidsretta er verdiar som skal beskrive vår organisasjon. Vi skal forvalte selskapet og eigarane sine midlar i tråd med ei sunn økonomiforvaltning. Vi vil difor leggje opp til følgjande tiltak i handlingsplanen.

Tiltak:	2016	2017	2018	2019
Rullering av strategisk plan	Ferdig			
Gjennomføring av eigarmøter	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår
Evaluering av IKA i lys av kommunereforma	Oppstart	Pågår	Pågår	Ferdig
Elektronisk fakturabehandling	Evaluering			
Sikkerhetsplanarbeid	Pågår	Pågår	Pågår	Pågår
Oppgraderte heimesider	Rullering		Rullering	

Strategiområde 8 – Økonomi

Våre økonomiplanar går over ein 4 års periode og skal jf. selskapsavtalen gje eit realistisk oversyn over selskapet sine faktiske utgifter i den kommande perioden. Vi må ha fokus på kostnadskontroll og solid økonomiforvaltning i den kommande perioden. Vi vil difor legge opp til følgjande tiltak i handlingsplanen.

Tiltak:	2016	2017	2018	2019
Evaluering av IKA i lys av kommunereforma med tanke på økonomi.	Oppstart	Pågår	Pågår	Ferdig
Gjennomgang av avtalane med eigarane jf. digitalt sikringsmagasin.	Ferdig			

Styret sitt forslag til vedtak:

Representantskapet godkjenner handlingsplanen for 2016-2019

Sak. 09.15 Økonomiplan for 2016-2019 – Budsjettrammer for 2016

Bakgrunn for saka:

Jf. lov om interkommunale selskap § 20 skal Representantskapet ein gong pr. år vedta selskapet sin økonomiplan. Denne skal leggjast til grunn ved selskapet sitt budsjettarbeid og anna planarbeid. Økonomiplanen skal omfatte dei fire neste budsjettåra og gje ein realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver.

Saksframstilling:

Vi skal og gjennomføre tiltaka i handlingsplanen for 2016-2019.

Styret legg til grunn at kommunal deflator, eller den generelle lønns og prisveksten på kommunale tenester vert 3,0 %

Vidare er det behov for ytterlegare 2 % auke per år gjennom perioden til å dekke opp for at vi får større lokale og større del av fellesutgifter, samt at vi startar opp med eit nytt stort ordningsprosjekt i 2015.

Økonomiplanperioden 2016 – 2019

Utgifter	2016	2017	2018	2019
Sosiale utgifter og lønn	4 700 000,00	4 850 000,00	5 025 000,00	5 125 000,00
Driftsutgifter	2 850 000,00	2 975 000,00	3 075 000,00	3 230 000,00
Avsetnader				
Sum, utgifter	7 550 000,00	7 825 000,00	8 100 000,00	8 355 000,00
Inntekter	2016	2017	2018	2019
Eigartilskot frå kommunane	3 165 000,00	3 560 000,00	3 660 000,00	3 850 000,00
Depotinntekter	3 850 000,00	3 915 000,00	4 015 000,00	4 225 000,00
Andre inntekter	225 000,00	225 000,00	225 000,00	225 000,00
Bruk av eigenkapital	310 000,00	125 000,00	200 000,00	55 000,00
Sum, inntekter	7 550 000,00	7 825 000,00	8 100 000,00	8 355 000,00

Budsjettrammer for 2015.

Styret legg til grunn følgjande føresetnader i rammene for budsjettet for 2015.

- Selskapet skal ha 6 fulltidstilsette og drifta skal gå i balanse.
- Styret gjer ei 5 % auke i eigartilskotet
- Styret aukar depotavgifta for papir med 5 % frå 472 til 495,- kr pr. hm.
- Styret aukar e-depotavgifta med 5 %
- Styret styrkar budsjettet med bruk av 310 000,- frå eigenkapital.

Budsjettrammer 2016

Budsjettrammer 2016			
Utgifter	2016	Budsjett 2015	Rekneskap 2014
Sosiale utgifter og lønn	4 700 000,00	4 500 000,00	4 215 921,87
Driftsutgifter	2 850 000,00	3 295 000,00	3 778 157,63
Avsetnader			
Sum, utgifter	7 550 000,00	7 795 000,00	7 994 079,50
Inntekter	2015	2015	
Eigartilskot	3 165 000,00	3 015 000,00	2 957 828,00
Depotavgifter	3 850 000,00	3 880 000,00	3 793 517,00
Andre inntekter	225 000,00	225 000,00	1 352 651,61
Bruk av egenkapital	310 000,00	675 000,00	767 000,00
Sum, inntekter	7 550 000,00	7 795 000,00	8 870 996,61

Styret sitt framlegg til vedtak

Representantskapet ved IKAH vedtek budsjettrammene for 2016 med dei føresetningar som ligg føre.

Styret får fullmakt til å fordele rammene på dei enkelte budsjettpostane.

Styret sitt framlegg til vedtak

Representantskapet ved IKAH vedtek økonomiplanen for 2016-2019 med dei føresetnadar som ligg føre.

Styret får fullmakt til å fordele rammene på dei enkelte budsjettpostane.

Sak 10.15 Val av medlemmer til styret

Bakgrunn for saka:

Selskapet skal jf. § 10 ha eit styre. IKAH har eit styre med 5 medlemmer. Det skal og veljast varamedlemmer. Styremedlemmer og varamedlemmer vert valde for to år av gongen. Selskapsavtalen seier at valet skal gjennomførast slik at minst to styremedlemmer og varamedlemmer står på val kvart år. Selskapet er òg pålagt å ha kjønnsbalanse i styret. Det skal vere minimum to styremedlemmer av same kjønn i styret. Det skal vere minimum to varamedlemmer av same kjønn.

Vi har no varamedlemmer etter liste. Det har vore eit ynskje frå Representantskapet at styret og eventuelt nye styremedlemmer er til stades ved val til styre.

Sakshandsaming:

Saka vert lagt fram av valkomiteen i møtet:

Valnemnda for IKAH for perioden 2014-2015 er:

Leiar: Berit Svellingen, Øygarden
Medlem: Siv Bua Rasmussen, Sveio
Medlem: Gunnvor Utne Mæland, Kvam

Styret består i dag av:

Leiar: Jan Tore Helle (på val)
Nestleiar: Birte Aasen (ikkje på val)
Medlem: Ole J. Opkvitne (på val)
Medlem: Sigrid Laupsa (ikkje på val)
Medlem: Simen Soltvedt (ikkje på val)

Varamedlemmer etter liste er:

1. Bente Skjerping (på val)
2. Reidar Mehl (på val)
3. Jenny Aanderaa (attval)

Øyvind Olsen er representant for dei tilsette. Observatør frå Statsarkivet er Terje Nomeland og sekretær for styret er dagleg leiar Rune Lothe.

Valnemnda sitt forslag til vedtak:

Leiar:
Medlem:
Varamedlem:

Sak 11.15 Val av valnemnda for IKAH 2014 – 2015

Bakgrunn for saka:

IKS-lova pålegg ikkje selskapet å ha ei valnemnd. Representantskapet kan likevel bestemme at val til styret og innstilling av medlemmer skal gjerast av ei valnemnd. Saka vert avgjort av Representantskapet.

Saksutgreiing:

Valnemnda for IKAH for perioden 2013/2014 har vore samansett slik:

Leiar: Gunnvor Utne Mæland, Kvam
Medlem: Siv Bua Rasmussen, Sveio
Medlem: Berit Svellingen, Øygarden

Saka vert lagt fram av valkomiteen i møtet.

Valnemnda sitt forslag til valnemnd for IKAH 2015 – 2016:

Leiar:
Medlem:
Medlem:

Sak 12.15 Styrehonorar

Bakgrunn for saka:

Saka vert lagt fram av leiar for Representantskapet i møtet. Satsane for godtgjering for styret vart sist justert på Representantskapsmøte i 2010.

Saksutgreiing:

Styret er ein viktig ressurs i selskapet. Å rekruttere og behalde kompetente og villige styremedlemmer er viktig. Godtgjering er ein viktig faktor. P.t. er godtgjeringa som følger.

Styreleiar kr. 16.000 pr. år.

Styremedlemmer kr. 8.000 pr. år.

Leiar for Representantskapet kr. 3.000 pr. år

Møtegodtgjering styremedlemmer: kr. 1250 pr. møte

Møtegodtgjering varamedlemmer: kr. 1250 pr. møte

Styremedlemmer for og dekkja egne utgifter i forbindelse med møta. Reiser vert dekkja etter statens satsar for reisegodtgjersle.

Saka bør setjast opp på sakskartet for kvart år. Det er Representantskapet som gjer framlegg til endring i satsane.

Representantskapsleiar sitt forslag til vedtak:

Framlegg vert gjort i møtet.

Vedlegg til sak 05.15

Justering av kommunane sine eigardelar

I følgje selskapsavtalen § 5 *Tilskotsplikt og eigardel* skal eigardelen justerast kvart fjerde år på grunnlag av samla innbetalt innskot, og ved innmelding og utmelding. Med samla innbetalt tilskot forstår vi her det årlege eigartilskotet som kommunane har betalt inn til IKAH i januar.

Kommunane skal betale eit årleg tilskot etter ein fordelingsnøkkel vedtatt på representantskapsmøtet i 2002. Ein har lagt inn ein auke på 5 prosent i satsane for 2016 i forhold til satsane i 2015.

	2015	2016*
Kommunar med under 3 000 innbyggjarar betalar kr.	61 297	64 362
Kommunar med 3 001 – 5 000 innbyggjarar betalar kr.	88 540	92 967
Kommunar med 5 001 – 10 000 innbyggjarar betalar kr.	115 784	121 573
Kommunar med over 10 001 innbyggjarar betalar kr.	143 027	150 178

Nedanfor følgjer ein tabell med grunnlagstal for berekning av eigardelane til kommunane. Den første kolonnen viser folketalet i kvar kommune per 1. januar 2010. Andre kolonne viser eigardelen den enkelte kommune hadde i perioden 2010-2015 ut i frå tilskotet kvar kommune skulle betale.

Tredje kolonne er folketalet i kvar kommune per 1. januar 2014. Dette folketalet er utgangspunkt for kva den enkelte kommune skal betale for åra 2016-2019. (Kilde: SSB, folkemengd, 1. januar, heile landet, fylke og kommunar)

Det er tre kommunar som har auka folketalet sitt slik at dei no er flytta opp ein kategori. Fitjar har no eit folketal på over 3 000, og Radøy og Sveio har auka folketalet til over 5 000. Dette gjer at ein må korrigere alle eigardelane. Dette er vist i kolonne fem.

Satsane for 2016 er auka 5 prosent i forhold til satsane for 2015. Dei nye satsane for eigartilskotet for 2016 er lagt inn i kolonne seks.

Kommune	Folketal	Eigardel	Folketal	Eigardel	Korrigert eigardel	Eigartilskot
	01.01.2010	2010	01.01.2014	2015	2015	2016*
Askøy	24 993	4,61 %	27 346	4,61 %	4,49 %	150 178
Austevoll	4 571	2,85 %	4 924	2,85 %	2,78 %	92 967
Austrheim	2 738	1,97 %	2 833	1,97 %	1,92 %	64 362
Bømlo	11 275	4,61 %	11 749	4,61 %	4,49 %	150 178
Eidfjord	958	1,97 %	950	1,97 %	1,92 %	64 362
Etne	3 882	2,85 %	4 057	2,85 %	2,78 %	92 967
Fedje	594	1,97 %	561	1,97 %	1,92 %	64 362
Fitjar	2 931	1,97 %	3 009	2,85 %	2,78 %	92 967
Fjell	21 823	4,61 %	23 852	4,61 %	4,49 %	150 178
Fusa	3 823	2,85 %	3 829	2,85 %	2,78 %	92 967
Granvin	947	1,97 %	911	1,97 %	1,92 %	64 362
Jondal	1 036	1,97 %	1 094	1,97 %	1,92 %	64 362
Kvam	8 360	3,73 %	8 584	3,73 %	3,63 %	121 573
Kvinnherad	13 187	4,61 %	13 232	4,61 %	4,49 %	150 178
Lindås	14 286	4,61 %	15 069	4,61 %	4,49 %	150 178
Masfjorden	1 635	1,97 %	1 693	1,97 %	1,92 %	64 362
Meland	6 631	3,73 %	7 544	3,73 %	3,63 %	121 573
Modalen	344	1,97 %	372	1,97 %	1,92 %	64 362
Odda	7 047	3,73 %	7 006	3,73 %	3,63 %	121 573
Os	16 684	4,61 %	18 678	4,61 %	4,49 %	150 178
Osterøy	7 421	3,73 %	7 786	3,73 %	3,63 %	121 573
Radøy	4 825	2,85 %	5 039	3,73 %	3,63 %	121 573
Samnanger	2 375	1,97 %	2 436	1,97 %	1,92 %	64 362
Stord	17 565	4,61 %	18 425	4,61 %	4,49 %	150 178
Sund	6 079	3,73 %	6 635	3,73 %	3,63 %	121 573
Sveio	4 999	2,85 %	5 463	3,73 %	3,63 %	121 573
Tysnes	2 779	1,97 %	2 745	1,97 %	1,92 %	64 362
Ullensvang	3 382	2,85 %	3 369	2,85 %	2,78 %	92 967
Ulvik	1 129	1,97 %	1 094	1,97 %	1,92 %	64 362
Vaksdal	4 107	2,85 %	4 140	2,85 %	2,78 %	92 967
Voss	13 902	4,61 %	14 168	4,61 %	4,49 %	150 178
Øygarden	4 267	2,85 %	4 704	2,85 %	2,78 %	92 967
Sum:	220 575	100,00 %	233 297	102,64 %	100,00 %	3 346 829